

Oktobermånedsbrev frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305

- NYTT FRA DISTRIKTSADMINISTRASJONEN OG KOMITEANE – VI LYSER OPP DISTRIKTET PÅ POLIODAGEN!
- GLIMT FRÅ DISTRIKTSKONFERANSEN
- PROBLEM MED FACEBOOK – BRUK INSTAGRAM

Vi lyser opp distrikt 2305 på poliodagen 24. oktober!

Mange klubbar har meldt frå om at dei vil delta på markeringa av poliodagen ved å lyse opp eit markant bygg i raudt den 24. oktober! Ålesundsklubbane signaliserer at dei vil lyse opp Fjellstua, som tronar på byfjellet Aksla midt i sentrum. Mange klubbar vil lyse opp kyrkjer, bruer og større administrasjonsbygg. Dette er heilt magisk!



Bilete frå Ulstein og Hareid sin felles polioaksjon i 2023. Til venstre distriktsguvernør Lidun Hareide, og til høgre førre års president i Ulstein Stig Ole Borgundvåg.

Nokre klubbar prøvar også å organisere revaksinering, og nokre vil selje pennar forma som poliovaksiner. Meld frå til AG om din klubb skal markere poliodagen. Pennane kan bestillast i øsker med 50 stk frå Ulf Bingsgård. Husk at post frå Sverige tek tid, så det er lurt å bestille raskt som råd frå ulf.bingsgard@telia.com

Kommunikasjon og merkevarekomiteen jobbar med ein mediapakke til klubbane som blir tilgjengeleg snarleg. Her finn de ei pressemelding, fleire ferdige innslag til sosiale media o ein video til inst ein video til instagram. I tillegg vil de finne intervjuet med Anita Rekdal frå Ålesund, som de også finn her i dette månadsbrevet.

Polio er ein heilt forferdelig sjukdom som vi må utrydde!

Anita Rekdal gir polio eit ansikt

«Polio er en fryktelig sykdom», sier Anita. Det er smerter, lammelser, operasjoner, seinskader. Kort sagt mye «tapt liv». «Vi må gjøre alt vi kan for å utrydde Polio!», fortsetter hun.

Hun er født i 1949. I 1950 gikk det en smittebølge i Ålesund og hun var en av flere som ble rammet. Symptomene begynte som en influensa, men utviklet seg raskt og hun ble lammet fra halsen og ned og ble derfor lagt i jernlunge. Innleggelse på Ålesund sykehus på isolat fulgte og dermed ble kontakten med familien kuttet. Foreldrene fikk se den lille jenta si gjennom en glassluke i døra. Det skulle gå 3 år før hun fikk møte familien i Ålesund igjen og da kjente hun hverken moren, faren eller søstera si. De var helt fremmede for henne.



Utvikling og behandling av Polio

Etter hvert ble hun sendt til på Hatlestad sykehus i Bergen og der ble hun i 2 år. Anita forteller at polio etter hvert kan gå tilbake og det er vanskelig å si hvilket nivå sykdommen ender på med hensyn til lammelser. Hennes lammelser gikk tilbake unntatt på høyre side av kroppen. Dette medførte skinn på høyre bein og på høyre hånd fra midjen og opp til underarm for å prøve å holde skulderen stabil. Hun gjennomgikk flere operasjoner i løpet av oppveksten og skinner og diverse utstyr ble stadig byttet ut for å fremme best mulig bevegelse.

En behandlingsform hun forteller om, var behandling med høyfjellssol. Barna ble behandlet i 2 timer per dag; en time på hver side av kroppen. Det var ingen forklaring av hvorfor og behandlingen må vel kunne beskrives som eksperimentell. Det første som skjedde da hun ankom Hatlestad var gipsing av de deler av kroppen som var poliorammet. Da ble bein og armer «tvunget» i normal stilling. Denne ble tatt av neste dag men den ble tatt på igjen hver kveld. Den ble surret fast med bandasjer. Kald om vinteren og varm om sommeren. Etter hvert lærte barna seg å løsne bandasjen og krype ut av gipsen etter at lyset var slukket og pleierne gått, for så å legge seg inn igjen på morgenkvisten!

Skolegang

Anita startet ikke på skolen som 7 åring. Hun husker ikke helt når hun begynte og legger til at hun hadde lite skolegang på folkeskolen. Men hun gikk på Aspøy skole i Ålesund med ca 1200 elever. Skolen ligger på en haug, var svært godt utstyrt men hadde mange trapper og lange korridorer. Anita gikk til skolen sammen med skolevenninner og fikk nøkkel til baksiden av skolen av lærerinnen sin for å korte ned skoleveien. Dessuten sørget lærerinnen for at klassen fikk klasserom i første etasje for å gjøre det enklere for Anita.



Hun forteller at selv om skolegangen var mye «på og av», var hun godt inkludert. Hun ble ikke mobbet selv om hun av og til ble kalt «haltepinken». Senere tok hun framhaldsskole og handelsskole.

Familie og jobb

Anita giftet seg med Trygve og de fikk to flotte døtre. Etter hvert bygde de eget hus og hadde et helt normalt liv der Anita har vært i 100% jobb med regnskap og har tilpasset sin uføregrad så godt hun har kunnet. Det har gitt henne en utrolig mestring i hverdagen. For alle som kjenner henne, er Anita ei veldig smilende og utadvendt dame, men svært tøff. Det har vel vært en nødvendighet for å leve best mulig med Polio?

Seinskader

Polio er ikke en statisk sykdom. Man får etter hvert seinskader på ulike måter. Anita begynte å falle plutselig, fikk «blåøye» og andre skader og deretter ble førligheten dårligere. Hun er nå helt avhengig av rullestol over lengre distanser, men kan reise seg og stå, gå litt med krykker og klarer seg selv alene i huset. Nå venter hun på en rullestol som hun kan manøvrere inn i bilen sin med ei hånd. Da kan hun være mer selvhjulpen og komme seg dit hun ønsker for egen maskin.

Vi takker for at du ga Polio et ansikt Anita!

Glimt frå distriktskonferansen på Quality Ulstein Hotel 27. – 29. september 2024



Vår kvinne i Rotary International sitt styre, Suzan Stenberg, oppdaterte oss om poliosituasjonen på distriktskonferansen i Ulsteinvik førre helg.




President i Ulstein Rotaryklubb Thor Martin Eidem og distriktsguvernør Lidun Hareide lagar Rotarymagi i Ulsteinvik

Dyktige foredragshaldarar



Til venstre: Nå ut til fleire: Loveleen Rihel Brenna heldt eit gripande foredrag om mangfald og mangfaldsleiing, og Rotary si rolle som nettverk.

Til høgre: Auke engasjement: Trond Berg fortalte at draumen til folka bak Dimna IL er at born skal ha ein fritidsaktivitet. At dei får fram verds- og OL-meistrar er berre ein bonus.



Til venstre: Auke innverknaden vår: Sissel Berit Hoell heldt foredrag om det norske Hjelp til Ukraina-prosjektet, der 17 mobile medisinske klinikkar til no er finansierte.

Til høgre: Auke evna til endring: Jan Tormodsæther fortalte om endringsviljen i skipsindustrien. Kva kan Rotary lære av dette?

Tusen takk til fredsskipet Embla for deltaking på distriktskonferansen!



Vikingskipet Embla som ror for fred, sette stort preg på konferansen. Tusen hjerteleg takk til Embladamene for at de stilte opp på konferansen. Her er ein liten hyllest til Embla: Sjå filmsnutt her: <https://www.instagram.com/p/DAdzkQMA18D/>

Inviterte gjestar

I ekte sunnmørsk ånd gjorde vi oss god nytte av alle prominente gjestar, ved å hauste av deira kunnskap og talent. Tusen takk til Suzan Stenberg frå RI-styret for ei strålende oppdatering av poliosituasjonen, til distriktsguvernør i 2260 Marit Liv Solbjørg for presentasjon om business-nettverk, til distriktsguvernør på Island Jón Karl Olafsson for musikalske innslag og god stemning, og til Loveleen Riihel Brenna for eit strålende foredrag om mangfald og Rotary som familienettverk.





Walk & talk

Trass i veret vart Walk & Talk ein strålende suksess. Men så seier vi jo her på Sunnmøre: Om du ikkje likar veret, berre vent fem minutt!

Målet med denne delen av arrangementet, var at Rotary skal vise igjen i lokalsamfunnet – medan vi viser lokalsamfunnet til Rotary. Deltakarane viste stort engasjement og kampånd – og viste at Rotarianarar har det kjekt medan dei promoterar Rotary.



Rotaryhagen



Vinnarlaget!



Tusen takk til arrangørklubben Ulstein Rotaryklubb!



Sist men ikkje minst: tusen takk til alle som bidrog frå arrangørklubben Ulstein RK og alle andre som bidrog inn i arbeidet med distriktskonferansen. Takk også til Quality Ulstein Hotel for strålende oppfølging, og til ordførar Stian Skeide for glitrande presentasjon og smilande tilstadevering.

Her er ein liten snutt med takk til alle: <https://www.instagram.com/p/DAqc6zqAFyl/>

Nytt fra distriktsadministrasjonen og komiteane: problem med fb

Distrikt 2305 sin instagramkonto har fått fire nye snuttar om kvifor vi er medlemmar i Rotary. Diverre fungerer ikkje facebookkontoen vår for tida, då facebook meiner at vi utgir oss for å vere Rotary. Vi håper å få gjenoppretta kontoen så snart som råd.

For å kome til instagramkontoen vår på pc går du rett inn gjennom denne lenka https://www.instagram.com/rotary_d2305/

Du kan også laste ned instagramappen på telefonen og søke på Rotary_d2305

Alt godt!
Lidun Hareide
Distriktsguvernør 2024 - 2025

